27.2.2020

Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2020/37496-3
**Dato** 20.02.2020

TORE HAUGE
MYKINGVEGEN 329
5913 EIKANGERVÅG

# Svar - Byggjegrense - Tilbygg garasje - FV 5464 - Gnr. 209 bnr. 12 i ALVER kommune

Vi viser til søknad av 18.01.2020.

Vedtak
Med heimel i veglova §30 og §34, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot Fv. 5464 for å oppføre garasje på gnr. 209 bnr. 12 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 17.02.2020.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5464 skal vere minst 37 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Garasja må ikkje nyttast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 5464.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket
Byggjegrense langs veg skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) 1000. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan (2017 - 2020).*

Det er søkt om å oppføre ny garasje på same staden der den eksisterande står. Garasjen skal utvidast i høve til den eksisterande og ha mål 6m x 5m. Tiltaket er omsøkt om lag 37 meter frå vegmidte. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi løyve til oppføring av garasje i

Rett til å klage:
Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «klage på forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli eller post@vlfk.no .

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

Veglova §29, §30, §34, Situasjonsplan datert 17.02.2020